

# Marsteinen

Lokalavis for Austevoll

**55 08 21 00**

## BESØKSADRESSE:

Gamle Prestagarden

## POSTADRESSE:

Prestanesvegen 31  
5392 Storebø

## Kjem ut kvar torsdag

## E-POST:

redaksjonen@marsteinen.no  
annonser@marsteinen.no  
abonnement@marsteinen.no  
lesarbrev@marsteinen.no

## KONTORTID REDAKSJONEN:

kl 9 -16 måndag-fredag

## KONTORTID MARKNAD/

## GRAFISK:

kl 9 -16 måndag-onsdag  
torsdag-fredag etter avtale

## ANNONSEFRISTAR:

Forretningsannonser:

**måndag kl 16.00**

Rubrikkannonser:

**tysdag kl 12.00**

Bygdanytt:

**tysdag kl 12.00**

## BLADPENNGAR 2018:

865 (1/1 år) 520 (1/2 år)

## REDAKTØR:

Trond Hagenes  
tlf. 55 08 21 03  
mob. 988 74 253



## JOURNALIST:

May Linn  
Clement  
tlf. 55 08 21 02



## JOURNALIST:

Severin Tøkje  
tlf. 55 08 21 04



## GRAFISK/

## MARKNAD:

Stanka Stepanov  
tlf. 55 08 21 00



## DAGLEG LEIAR:

Linda Mathilde  
Økland  
tlf. 55 08 21 12



## ØKONOMI:

Wenche A. Toft  
tlf. 55 08 21 00



Avfotografering av stoff, bilete og annonsar frå Marsteinen er ikkje tillate utan etter avtale med redaktøren.

## UTGJEVAR:

Austevoll Forlag A/S

## FORMGJEVING:

Marsteinen

TRYKK: Sunnhordland

Marsteinen ynskjer å retta seg etter reglar for god presseskikk, slik dei er nedfelte i Vær Varsom-plakaten. Den som meiner seg urettmessig ramma av omtale i avisa, kan ta kontakt med redaksjonen eller Pressens faglige utvalg (PFU), som er eit klageorgan oppnemnt av Norsk Presseforbund. Organet, som har medlemmer frå presseorganisasjonane og ålmenta, handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål.

Pressens faglige utvalg  
Prinsensgt. 1, Pb. 46 Sentrum,  
0101 OSLO



# Ikkje Autopass enno

Det er avklart at Fjord1 ikkje innfører Autopass med brikke på Krok-eide–Hufthamar og Husavik–Sandvikvåg frå 1. januar 2019. Dette kjem seinare, informerer Bjørn G. Barstad i reiarlaget overfor lokalavisa. – Det kjem ein liten endring: Innføring av Autopasskortet. Dette skal etter kvart erstatta verdikortet. Autopasskortet må tingast på autopassferje.no, fortel Barstad. Reisande har dei same rabattane på Autopasskortet som på verdikortet og takstane vil mellombels vera uforandra. Verdikortet blir gyldig i seks månadar og mogleg å fylla på i tre månadar, så reiarlaget meiner dei har ein ganske lang overgangsperiode. – Dersom du har pengar igjen på verdikortet ved utgangen av overgangsperioden, så vert dei utbetalte av Fjord1, via Fjord1.no, opplyser han. Full innføring av Autopass kjem seinare og vil bli varsla.



# Klimaåret 2018: Varmt, vått og ekstremt

**Endå eitt år med katastrofale skogbrannar, flaum, tørke, orkanar og ekstreme temperatursvingingar har prega verda. I Noreg opplevde me både den varmaste og tørraste sommaren som nokosinne er målt, og ein historisk våt haust.**

Allereie den fyrste veka på nyåret 2018 opplevde verda rekorder ekstremitet. Arktisk luft strøymde unormalt langt sør på det nordamerikanske kontinentet, og store delar av USA og Canada opplevde historisk vinterkulde. Det vart målt 28 minusgrader i delstaten Indiana og 13 minusgrader i Alabama, begge desse temperaturane ligg cirka 10 grader lågare enn det som er vanleg på denne årstida. Ei lang rekke amerikanske byar slo tidlegare kulderekordar og fleire titals menneske døyde. Florida opplevde snøfall for første gong på 30 år.

I Sør-Afrika fortsette tørken som har vorte stadig verre dei siste åra. I slutten av januar opplyste styresmaktene i Cape Town at byen var i ferd med å gå tom for vatn. Rasjonering og lange vasskøar vart kvardagen for millionar av innbyggjarar i månadane som følgde. Gjennom strenge reglar og auka medvit i befolkninga klarte ein så vidt å hindre at vassreservane vart heilt tømde.

## Miserabelt vårvær

Ein uvanleg kald og fuktig vår skapte store problem for bønder i Storbritannia. «The beast from



Fleire enn 8000 skogbrannar i California førte til enorme øydeleggingar. Her frå Malibu 9. november. Foto: Reuters / NTB scanpix

East», som det uvanlege været vart heitande i britiske medium, kom delvis frå Sibir og slo fleire kulderekordar. Men òg fleire varmereordar. Ifylgje avisa The Guardian gjorde denne uvanlege blandinga av kulde og varme våren ekstra miserabel.

Nokre bønder opplevde at vekstsesongen vart nærare ein måned forseinka. Det fekk konsekvensar for produksjonen av mat til både menneske og dyr. Avlingar av asparges, salat, poteter, lauk og kveite vart særleg ramma. Husdyr som måtte matast inne i staden for å eta gras ute, skapte ytterlegare økonomiske belastningar for mange bønder. I tillegg fekk været til dels store konsekvensar for byggeverksemd og skapte trafik kaos i vekevis.

## Historisk «knallsommar»

I delar av Europa og Sør- og Aust-Noreg starta sommaren tidleg, og han berre heldt fram

og heldt fram. Her vart det tre månader med varme som ein aldri har opplevd maken til. I alle fall ikkje sidan ein byrja med målingar i 1837.

– Eit strekk på hundre dagar med slik vedvarande varme er noko ein i desse strøka statistisk sett kan forvente å sjå kvart ti tusande år, seier klimaforskar Helge Drange ved Geofysisk institutt i Bergen.

Mens hetebølga fekk konsekvensar for avlingane og førte til fleire skogbrannar i delar av Noreg, oppstod enorme skogbrannar i Sverige. Den største brannen i moderne tid i Sverige herja ved Ljusdal, rundt 30 mil nordvest for Stockholm. Mannskap frå mellom anna Polen, Frankrike og Noreg deltok i sløkkingsarbeidet.

## Våt haust og hissige orkanar

Vestlandet opplevde på si side dei største nedbørsmengdene i august, september og oktober

som nokosinne har vorte målt.

– I tillegg til at vestlandsvêret i seg sjølv var historisk, så er to slike lange periodar inntil kvarandre i seg sjølv heilt eksepsjonelt. Det blir no diskutert på forskarhald om det at vêret «låser seg fast» over lengre tid er knytt til den globale oppvarminga. Personleg trur eg ikkje ein skal vera overraska viss me ser fleire hendingar av denne typen framover, seier Drange.

Samtidig som det hølja ned på Vestlandet, opplevde Japan i slutten av august den kraftigaste tyfonen i landet på 25 år. 1,2 millionar menneske måtte evakuera då tyfonen Jebi lamma Kansai-området, øydela infrastruktur, skadde rundt 600 menneske og drap elleve.

– Orkanen Florence skapte på si side tilsvarende enorme øydeleggingar i Nord- og Sør-Carolina i USA like etterpå. Om klimaendringar vil føre til at det blir fleire orkanar enn tidlegare er uvisst, men mykje tyder på at dei som oppstår, blir meir intense og bevegar seg lengre. Det vil igjen gjera at fleire område blir treft, seier klimaforskar Rasmus Benestad ved Meteorologisk institutt.

Florence vart estimert til å ha gjort skade for om lag 150 milliardar kroner då han trefte austkysten av USA i september.

## California-brannar tok liv

På vestkysten av USA byrja samtidig skogbrannane i California å påkalle merksemda. Årets skogbrannsesong er den mest øydeleggjande som har vorte målt i California.

NPK